

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 18.08.2014  
**FRÅ:** Administrerende direktør  
**SAKSHANDSAMAR:** Ivar Eriksen

**SAKA GJELD:** **Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 31.05.14 - 17.08.14**

**ARKIVSAK:** 2014/62/  
**STYRESAK:** 084/14

**Administrerende direktør si orientering pkt 2**

### Oversikt over aktuelle lover i perioden 31.05.14 – 17.08.14

Lov	Dato for kunngjering	Kva lover/endinga gjeld
Lov om behandling av helseopplysninger ved ytelse av helsehjelp (pasientjournalloven)	20.06.14	Ny pasientjournallov og ny helseregisterlov skal erstatte gjeldande helseregisterlov frå 2001.  Føremålet med dei nye lovene er betre helse- og omsorgstenester til pasientar og brukarar og reglar som er tilpassa dagens informasjonsbehov.
Lov om helseregistre og behandling av helseopplysninger (helseregisterloven)	20.06.14	Lovane legg til rette for at helsepersonell som yter helsehjelp skal kunne få relevante og nødvendige opplysningar på ein rask og effektiv måte, uavhengig av kor pasienten har fått helsehjelp tidlegare. Reglane skal også legge til rette for enklare og meir effektiv bruk av data til kvalitetsforbetring, forskning, statistikk, helseanalyser, helseovervaking, planlegging, styring og beredskap.  Dei nye lovene tek til å gjelde frå det tidspunkt som Kongen fastset.
Lov om endringer i pasient- og brukarrettighetsloven	20.06.14	Stortinget har vedteke endringar i lov om pasient- og brukarrettar som inneber at personer under 67 år med langvarig og stort behov for personleg assistanse skal ha rett til å få dette organisert som brukarstyrt personlig assistanse (ny § 2-1 d).  Lova tek til å gjelde frå det tidspunkt som Kongen fastset.
Lov om rituell omskjering av gutter.	20.06.14	Stortinget har vedteke ei ny lov om rituell omskjering av gutar. Føremålet med lova er å sikre at rituell omskjering blir gjort på ein forsvarleg måte. Dei regionale helseføretaka skal organisere spesialisthelsetenesta slik at dei som ønskjer det kan få utført rituell

		omskjering av gutar.  Lova tek til å gjelde frå det tidspunkt som Kongen fastset.
--	--	---

**Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendringar i perioden 31.05.14 – 17.08.14**

Forskrift	Dato for kunnjing	Kva forskrifta/endringa gjeld
Ingen nye saker i perioden.		

**Oversikt over andre myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 31.05.14 – 17.08.14**

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Oppdragsdokumentet 2014 – tilleggskrav etter Stortinget si behandling av Prop. 93 S (2013-2014)	27.06.14	Mellom anna som følgje av Stortinget si behandling av Prop. 93 S (2013-2014) <i>Tilleggsbevilgningar og omprioriteringar i statsbudsjettet 2014</i> , jf. Innst. 260 S (2013-2014), har Helse- og omsorgsdepartementet sendt ut eit tilleggskrav for 2014.  Sjå eiga sak.